


# PROSJEKTPLAN

## VASSOMRÅDE SUNNFJORD



## **Innleiing:**

Vassregion Sogn og Fjordane er ein av 11 vassregionar i Noreg, og Sogn og Fjordane fylkeskommune (Vassregionmynde) har starta arbeidet med forvaltningsplan for vassregionen. Planprogrammet er varsla og sendt på høyring. Forvaltningsplanen med tiltaksprogram skal vedtakast i 2015. Kommunane skal vere med å gje bakgrunnsinformasjon om vassførekomstane i samband med utarbeiding av forvaltningsplanen til vassregionen.

Dette er eit framlegg til prosjektplan som viser organisering av Vassområde Sunnfjord, samt framdriftsplan og ei oversikt av arbeidet som skal utførast.

Prosjektplanen er utarbeidd av ei midlertidig arbeidsgruppe for Vassområde Sunnfjord. Medlemene i arbeidsgruppa vart vald av vassområdeutvalet på møte den 29. februar 2011 og kjem frå administrasjonen i kommunane.

Prosjektplanen skal vedtakast av vassområdeutval Sunnfjord.

Arbeidsgruppa den 26. april 2011

Knut David Hustveit, Askvoll kommune og Fjaler kommune  
Finn Olav Myren, Jølster kommune  
Berit Holme, Førde kommune

Prosjektplanen punkt 4.3 sekreteriatfunksjon/prosjektleiing og punkt 6 økonomi og finansiering er endra i samband med saksutgreiing den 30.05.2011.

# 1.Bakgrunn

## 1.1 Vassforskrifta

Arbeidet med regionale forvaltningsplanar for vatn er heimla i *Forskrift om rammer for vannforvaltningen (vannforvaltningsforskriften)*, som er ei verifisering av *EU sitt rammedirektiv for vann*. Forskrifta vart fastsett 15.12.2006, og gjort gjeldande frå 01.01.2007. *EU sitt rammedirektiv for vann* vart vedtatt av alle medlemstatar i 2000. Noreg pliktar via EØS avtalen å fylgje direktivet.

Rammedirektivet for vatn og vassforvaltningsforskrifta har som mål å oppretthalde, eventuelt betre, økologisk tilstand i alt vatn, frå brevatn til kystvatn ei nautisk mil utanfor grunnlinja. Fristen for dette er sett til 2015 og 2021 for første og siste planperiode respektivt. Poenget med første planperiode er å etablere eit erfaringsgrunnlag for vidare arbeid med forvaltningsplan og tiltaksprogram for dei vassområda og / eller vassførekomstane som ikkje tilfredstillar det overordna miljømålet. I nokre tilfeller kan det søkast om forlenga frist med inntil 12 år, jf. § 9 i forskrifta.

Det overordna målet for den nye vassforvaltninga er at alle vassførekomstar skal ha *god økologisk status / god tilstand*, og ikkje avvike frå naturleg økologisk og kjemisk naturtilstand. For sterkt modifiserte vassførekomstar kan tilstanden ha *godt potensial*, noko som opnar for reduserte krav til økologisk tilstand. Eit eksempel på ein sterkt modifisert vassførekomst er eit vassdrag som er utbygd til kraftføremål.

Arbeidet med forskrifta skal resultere i sektorovergripande og regionale forvaltningsplanar med fokus på økosystem- og nedbørsfeltbasert forvaltning. Desse planane kan supplerast med meir detaljerte program / planar for delar av vassregionane, for gitte sektorar eller problem. Forvaltningsplanane skal baserast på kartlegging og overvaking av vassførekomstar. Tilstanden i dei enkelte vassførekomstane skal vurderast jf. gitte indikatorar, som definerar økologisk status i høve til overordna miljømål.

**Figur 1. Klassifiseringssystemet**


TILSTANDSKLASSE JF: ØKOLOGISK STATUS / TILSTAND	STATUS I HØVE TIL OVERORDNA MILJØMÅL
<b>Meget God</b>	Miljømål tilfredstilt
<b>God</b>	
<b>Moderat</b>	
<b>Dårlig</b>	Naudsynt med tiltak for å nå overordna miljømål
<b>Meget Dårlig</b>	

## 2. Organisering

### 2.1 Vassområde Sunnfjord

Vassområde Sunnfjord er eit av fire vassområde i Vassregion Sogn og Fjordane. Det er samansett av kommunane Flora, Naustdal, Førde Jølster, Gaular, Fjaler og Askvoll som også er eigarar av prosjektet. Det er også delar av vassdrag som høyrer til i dette vassområdet som strekkjer seg inn i kommunar som i hovudsak høyrer til i tilgrensande vassområde.

Organiseringa på vassområdenivå er ikkje definert i vassforskrifta. Framlegget går ut på at det vert etablert vassområdeutval, referansegruppe og ein eller fleire personar som tek i vare sekretariatsfunksjonen. Det kan i tillegg dannast temagrupper under sekretariatet.



Figuren over viser korleis prosjektet kan organiserast.

### 2.2 Vassområdeutval

Det skal konstituerast eit vassområdeutval som skal fungere som styringsgruppe for prosjektet. Det skal velgast ein representant frå kvar kommune, dette kan gjerne vere ein politisk representant. I tillegg til representantar frå kommunane vert representantar frå regionale mynde invitert inn i styringsgruppa.

Vassområdeutvalet har ansvar for at arbeidet vert sett i gang, og at vassforskrifta vert følgd opp. Vassområdeutvalet vedtar budsjett og fordeling av kostnader for vassområdet. Rapportar og utgreiingar frå prosjektgruppa/prosjektleiari skal rapporterast opp til vassområdeutvalet. Vassområdeutvalet skal vedta saker innanfor Vassområde Sunnfjord. Vassområdeutval rapporterer vidare til vassregionmyndigheita når dei har gjort sine vurderingar.

Vassområdeutvalet avklarar korleis det interkommunale samarbeidet skal organiserast på det konstituerande møtet.

Oppdrag og framdriftsplan for vassområdearbeidet må forankrast i dei deltakande kommunane, organisering og finansiering må takast opp til sakshandsaming i den enkelte kommune sjølv om organiseringa vert vedteken i VOU (vassområdeutvalet).

Vassområdeutvalet har ansvar for å leggje til rette for medverknad frå kommunar, sektorstyremaktar og interesseorganisasjonar.

### **2.3 Prosjektgruppe og sekretariatfunksjon**

Prosjektgruppa skal gjere det faglege arbeidet ved å bidra med bakgrunnsinformasjon til forvaltningsplanen. Prosjektgruppa ev. i samarbeid med temagrupper utarbeider framlegg til tiltak og andre arbeidsoppgåver, som skal gjennomførast på vassområdenivå, og rapportere det oppover til vassområdeutvalet for handsaming. Representantar frå kommuneadministrasjonen i kommunane i vassområde Sunnfjord skal vere med i denne prosjektgruppa.

Det vil kunne variere frå kommune til kommune kor mange utfordringar og tiltak dei har innanfor vassområde Sunnfjord, og deltakinga må kunne vurderast ut i frå dette.

Sekretariatet skal vere eit bindeledd mellom dei deltakande kommunane, sende ut møteinnkallingar og skrive møtereferat.

### **2.4 Temagrupper**

Temagrupper vert oppretta ut frå dei mest aktuelle problemstillingane i vassområdet. Det arrangerast fagmøte etter behov. Det vert lagt opp til brei medverknad på tvers av sektoransvar og fagdisiplinar der lag og organisasjonar skal ha moglegheit for å bidra.

### **2.5 Referansegruppe**

Det kan opprettast ei referansegruppe for prosjektet. Denne kan bestå av aktuelle sektormyndigheiter som ikkje inngår i VOU, aktørar, frivillige organisasjonar og interessentar i vassområdet. Referansegruppa skal gje tilbakemeldingar og innspel til arbeidet. Referansegruppa er oppretta for å sikre god medverknad i prosessane og arbeidet.

## **3. Mål for forvaltning av vassressursane i Vassområde Sunnfjord**

### **3.1 Hovudmål**

Vassdraga og sjøområda langs kysten i vassområdet skal forvaltast slik at vasskvaliteten i kvart vassdrag kan klassifiserast som god.

Prosjektet skal kartlegge tilstanden i vassførekomstane i vassområdet, og føreslå nødvendige tiltak slik at miljømåla i vassforskrifta vert nådd innan 2021. Prosjektet skal utarbeide eit grunnlagsmateriale (tiltaksanalyse) til arbeidet med forvaltningsplan og tiltaksprogram for vassregion Sogn og Fjordane for Vassområde Sunnfjord.

### **3.2 Delmål**

- Dele opp og karakterisere alle vassførekomstane/vassdraga i vassområdet, fastsetje miljømål som sikrar at minimum standard miljømål om god økologisk tilstand, godt økologisk potensial og god kjemisk tilstand vert nådd i alle vassførekomstar
- Framlegg og ev. greie ut nødvendige tiltak (tiltaksanalyse) for å oppretthalde eller betre vasskvaliteten slik at miljømåla vert nådd seinast innan fristen som er 2021.
- Brukarinteresser (drikkevatt, badevatt, fiskevatt osv)

## 4. Arbeidsoppgåver for Vassområde Sunnfjord

### 4.1 Generelle arbeidsoppgåver

Prosjektet skal gjennomførast etter arbeidsmetodar og prosessar som er skildra i vassforskrifta og tilhøyrande rettleiarar, i tillegg følgje dei råmer og rettleingar som vassregionmynde set.

Vassområde Sunnfjord skal i perioden frå 2011-2013 utarbeide innspel til framlegg til regional forvaltningsplan. Grunnlaget til dette skjer gjennom karakterisering og overvakning av vassførekomstane. Målet er å klassifisere alle VF på grunnlag av overvakingsdata og karakterisering. Karakterisering, klassifisering og overvakning skal følgje vedlegga til vassforskrifta. Fylkesmannen skal som bakgrunnsmateriale foreta ein fullkarakterisering av vassførekomstane i vassområdet. Dei mest problematiske vassførekomstane blir kartlagt fyrst. Følgjande faktorar skal m.a kartleggast (ikkje prioritert):

- a. Næringsstoff, salt, miljøgifter med meir
- b. Hinder for oppgang av anadrome fisk /Oppgangshindre/fysiske inngrep
- c. Botndyr, fisk og vegetasjon
- d. Aktuelle vassførekomstar til drikkevatt

Arbeidsoppgåvene i vassområdet skal vere utførde innan gjevne tidsfristar, sjå skjema under.

### 4.2 Arbeidsoppgåve i vassområdeutval og kommunar

I planprogrammet til forvaltningsplan for Vassregion Sogn og Fjordane er det vist følgjande arbeidsoppgåver:

#### Vassområdeutvala (VO):

- Utarbeide dei lokale tiltaksanalysane. Gode tiltaksanalysar er heilt avgjerande for kvaliteten på forvaltningsplanen og tiltaksprogram.
- Samlar lokal kunnskap.
- Foreslår tiltak og vurderar dei.
- Foreslår kandidatar til SMVF (sterkt modifiserte vassførekomstar).

#### Kommunane skal:

- Utgreie forslag til miljøforbetrande tiltak for sitt ansvarsfelt/ levere materiale til tiltaksanalysen.
- Utgreie premissane for fastsetting av miljømål.
- Delta i VRU.
- Delta i vassområdeutvala.
- Gjennomføre og finansiere tiltak for sine ansvarsfelt (kloakk, landbruksforureining m.m).
- Rapportere til VRM årleg.
- Saman ha leiarrolla i vassområdeutvala.

#### Kommunane sitt ansvar:

- Ansvar for vann og avløp, drikkevatt, landbruk.
- Ansvar for lokale avfallsplassar?
- Planlegging og sakshandsaming etter plan og bygningslova, kommunedelplan m.m.
- Sakshandsaming etter ureiningslova der kommunane er ureiningsmynde.
- Har ansvar for tilsyn av mikro, - minikraftverk (minstevassføring, bygg m.v.)?

### 4.3 Sekreteriat/prosjektleder

Arbeidsoppgåvene til sekretariat/prosjektleder vil m.a. vere:

- Utarbeide arbeidsplan m. budsjett og årsmeldingar til VO samarbeid med prosjektgruppa.
- Karakterisering av vassområdet i samarbeid med Fylkesmannen - med opplysningar frå den enkelte kommune og statleg sektormynde.
- Samanstille tiltaksanalysar som skildrar tilstand, påverknader og moglege tiltak i vassdraget/vassområde i samarbeid med prosjektgruppa og med fagleg bidrag frå den enkelte kommune, statlege sektormynde, interessentar og viktige aktørar i vassdraget.
- Utarbeide framlegg til overvåkingsprogram i samarbeid med aktuelle aktørar.
- Gje innspel til oversikt over vesentlege spørsmål og økonomisk analyse i 2011 i planarbeidet til vassregionmynde.
- Utarbeide framlegg til miljømål for kvar enkelt vassførekomst i samarbeid med prosjektgruppa.
- Legge til rette for medverknad frå alle interesserte i alle fase av arbeidet, gjennom møter, referat, nettside etc.

Sekreteriatfunksjonen vert utført av ein kommune i vassområdet for ein tidsavgrensa periode. Ansvaret for prosjektleiing, koordinering og informasjon m.m. går på rundgang mellom kommunane i vassområdet, samstundes som ein løyser oppgåvene med å fordele arbeidsoppgåver mellom fagpersonane i kommunane. Kvar kommune kan ha prosjektansvaret for 1 år om gangen.

Følgjande rekkjefølgje vert foreslått for prosjektlederansvaret – etter den kommunen som har størst % i fordelingsnøkkelen:

2011: Førde  
2012: Flora  
2013: Jølster  
2014: Gaular  
2015: Fjaler  
2016: Naustdal  
2017: Askvoll

Eit mål er å få tilsett ein prosjektleder i minst 50 % stilling som kan vere sekretær for vassområdeutvalet og utføre nemnde arbeidsoppgåver. Dette vil kommunane arbeide vidare med.

## 5. Framdriftsplan

Framdrifta til prosjektet vert lagt opp etter tidsråme til Vassregionmyndigheita. Skjema under viser framdriftsplanen til vassregion Sogn og Fjordane.

Framdriftsplan vassregion	2010				2011				2012				2013				2014				2015																					
Etablering av vassregion																																										
Etablering av vassområde																																										
Planprogram							H	H	V																																	
Vesentlege utfordringar																																										

Forvaltningsplan m tiltaksprog																					V		
--------------------------------	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	---	--	--

Karakterisering																							
Klassifisering																							
Regionalt overvakingsprogram																							
Gjennomføre overvaking																							
Økonomisk analyse																							
Register over beskytta område																							
Utarbeide lokale tiltaksanalyser																							
Utarbeide miljømål																							

Planprogrammet til forvaltningsplan for vassregion Sogn og Fjordane viser arbeidet med vassforskrifta slik:



Fig. 4 -Arbeidet med vassforskrifta vil vere kontinuerleg og skal rullerast kvart 6. år.

**Milepelar:**

Oppgåve	Kommentar	Tidsfrist
Oppstartsmøte Vassområde	- Konstituering av Vassområde Sunnfjord - Orientering av prosjektplan - Presentasjon av vidare arbeid	Februar 2011 April 2011
Prosjektleder	Avklaring av stilling/engasjement	Haut 2011
Karakterisering startar i samarbeid med fylkesmann	Sjå framdriftsplan	2011
Karakterisering gjennomført		Des 2011
Overvakingsprogram		Start 2011
Miljømål fastsett og tiltaksanalyse gjennomført	Nødvendige data og informasjon til tiltaksanalysen kan samlast inn i samband med fullkarakteriseringa og klassifisering	2013
<b>Prosjektsslutt</b>		
Start iverksetting av tiltak	Ev. detaljplanlegging ut over det som er gjort i tiltaksanalysen	2016
Miljømål er nådd		31.12.2021



## 6. Økonomi

### 6.1 Kostnader

Kostnadane vil i hovudsak knyte seg til sekretariat/prosjektleder møter, reiser, kurs og utgifter til vassanalyse og utgreiing av tilstanden til vassførekomstane. Kommunane må yte ein eigeninnsats ved å legge fram kjende opplysningar av vassførekomstane, utføre kartlegging, delta på møte, og gjennomføre tiltak i vassførekomstane.

Kostnader	2011	2012	2013	2014	2015
<b>Sekretariat/prosjektleder</b>	100 000	430 000	430 000	430 000	430 000
<b>Møter, reiser og kurs</b>	50 000	70 000	70 000	70 000	70 000
<b>Vassanalyser og overvakning inkl rapportar</b>	200 000	300 000	300 000	300 000	300 000
<b>SUM</b>	350 000	800 000	800 000	800 000	800 000
<b>Sum år 2011-14 (søknadsperiode)</b>	2 750 000				
<b>Sum totalt</b>	3 550 000				

### 6.2 Finansiering

Det vil vere vesentleg å avklare finansieringa av prosjektet så tidleg som mogleg. Aktuelle finansieringskjelder er kommunar i vassområdet, statleg mynde, fylkeskommunen, m.fl.

Det vert gjort framlegg om at ein legg til grunn at kostnadane vert finansiert 50 % av kommunane som inngår i vassområde, 25 % av fylkesmannen, 25 % av fylkeskommunen. Kostnadane er fordelt mellom kommunane i vassområdet med 33 % fordelt likt på alle kommunane, 33 % vekt på folketal og 33 % vekt på areal. Det er framlegg om å søkje skjønsmidlar frå fylkesmannen. Dette er avgjerande for gjennomføring prosjektet. Framlegget er sett opp i tabell:

Vassområde Sunnfjord - framlegg til fordeling av kostnader mellom kommunane (50 % av totalkostnaden)										
							Alle summer er i faste kr (2011)			
Kommune	Basis-fordeling	Areal km2	Folk 1.1.2011	fordeling	Sum 2011-2014	kostn 2011	kostn 2012	kostn 2013	kostn 2014	kostn 2015
Askvoll	14 %	326,50	3000	10 %	183992	18140	41463	41463	41463	41463
Fjaler	14 %	416,70	2909	11 %	197229	19445	44446	44446	44446	44446
Førde	14 %	586,00	12207	21 %	368694	36350	83086	83086	83086	83086
Jølster	14 %	670,90	3021	14 %	240238	23685	54138	54138	54138	54138
Gaular	14 %	581,90	2798	13 %	222334	21920	50103	50103	50103	50103
Flora	14 %	692,10	11588	21 %	376337	37104	84808	84808	84808	84808
Naustdal	14 %	369,80	2687	10 %	186176	18355	41955	41955	41955	41955
<b>Sum/kontroll</b>	<b>14 %</b>	<b>3643,90</b>	<b>38210</b>	<b>100 %</b>	<b>3550000</b>	<b>175000</b>	<b>400000</b>	<b>400000</b>	<b>400000</b>	<b>400000</b>

- Dersom ein får til meir og anna finansiering kan det gå til reduksjon av bidrag frå kommunane. I sekretariatsmodellen her, vert det lagt til grunn at kostnadane til kommunane utgjer tilsvarande eigeninnsats/oppgåver etter prosjektplanen, utgifter til møter og kurs m.m. som fagpersonane/medlemmene i vassområdeutvalet møter på og ymse kostnader i den enkelte kommune knytt til arbeidet i prosjektet.